



Nordplan AS
Tlf: 57 88 55 00
post@nordplan.no
www.nordplan.no

Konseptmodellen for nybygg Psykiatrisk Klinik og BUP er utvikla i godt samarbeid med byggherre og brukargruppe. Dei to einingane er integrert i eitt bygg og fysisk forbundne med Sentralsjukehuset ved to gangbruer. Koplinga er viktig for pasientar som treng somatisk pleie og omvendt. Løysinga er òg gunstig med tanke på framtidig fleksibilitet og sambruk av areal.

Plankonseptet for bygget er basert på tunprinsippet som gjev god tilgang på dagslys og nær kontakt med innvendige hagar, natur og landskap. Forskning syner at dette kan ha helsefremjande effekt. Det er vidare lagt vekt på gode prinsipp for universell utforming. Bygget er oversiktleg og det er lett å finne fram for pasientar og besøkande i den enkle lineære geometrien som ligg til grunn for anlegget.

Byggherre:	Helse Førde
Oppdrag:	Konseptfase - Programmering og skisseprosjekt
Fagområde:	Arkitektur
Stad:	Førde
Areal:	9700 m2 BTA
År:	2015